

## Oppstartmøte halde for naustrekka

27.01.2015



Det er i dette området sør i Flatholm den nye naustrekka er tenkt lagt

**Det er no halde oppstartmøte for det planlagte, nye naustprosjektet på sørsida av Flatholm. Sameiget ynskjer at det skal ha 4 naust som er 40 kvadratmeter store. Det er borneborna etter Sylvia og Erling Myklebust som vil få naust der.**

I oppstartmøtet deltok Harald Bjørndal som representant for forslagsstilla Asle Reime og 4 frå kommunen.

Føremålet med eit oppstartmøte er at kommunen vert informert om innhaldet i planen og avgrensing av planområdet. Kommunen avklarer så plansituasjonen, krav til ny planleggjring, offentlege føresetnader og kva som skal til for å få ein god plan og planprosess.

Møtet skal ikkje avklare viktige punkt som skal avgjerast i den vidare planprosess fram til politisk vedtak.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen